

# Sluttrapport

## LUK-prosjekt for integrering av arbeidsinnvandrere i Stranda, Stordal og Norddal november 2013-oktober 2016

---



### Samandrag

Gjennom dette 3-årige prosjektet (prosjektperiode november 2013 – oktober 2016) har vi funne fram til ein metodikk for korleis ein kan kartlegge og utnytte kompetansen til sesongarbeidarar, og vi har utvikla og sett i verk program for inkludering av arbeidsinnvandrere og deira familiar.

I perioden har Stranda kommune hatt positiv folketalsutvikling på 0,48%, medan Norddal kommune har hatt nedgang på 4,03% og Stordal kommune har hatt nedgang på 4,85%. I Stranda har folketallet gått opp og ned gjennom heile perioden. I Norddal gjekk folketallet nedover frå 1.januar 2013 – 1.januar 2016, men ein har hatt ein svært positiv auke per 3.kvartal 2016. Det er mange år sidan pila har peika oppover for folketalsutviklinga i Norddal. I Stordal kommune har folketallet gått nedover i heile perioden, også per 3.kvartal 2016. Dette heng saman med utflagging av møbelindustrien i kommunen.

Det er vanskeleg å seie om prosjektet har ført til mindre gjennomtrekk/turnover av arbeidskraft, men ein kan seie at prosjektet har ført til meir kompetent arbeidskraft i bedriftene med tanke på at over 100 tilsette har deltatt på yrkesretta norskkurs i bedrifta. Mange tilsette har også delteke på norskursa i regi av Vaksenopplæringa.

Vi kan absolutt seie at prosjektet har medverka til positiv lokalsamfunnsutvikling der frivillege lag og organisasjonar og frivillege arbeidsinnvandrere tek ansvar for integreringsarbeid.

## Innhold

|                                                                                                                                        |    |
|----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|----|
| Samandrag .....                                                                                                                        | 1  |
| 1. Prosjektorganisering.....                                                                                                           | 3  |
| 2. Overordna målsetting .....                                                                                                          | 3  |
| 3. Målgrupper.....                                                                                                                     | 4  |
| 4. Tiltak, aktivitet og resultat.....                                                                                                  | 4  |
| 4.1 Rekruttering av bedrifter i dei tre kommunane inn i forpliktande prosjektsamarbeid .....                                           | 4  |
| METODE .....                                                                                                                           | 4  |
| GJENNOMFØRING/RESULTAT .....                                                                                                           | 4  |
| VIDARE OG VARIG SATSING.....                                                                                                           | 4  |
| 4.2 Kartlegge bedriftene sine behov for kompetanse, samt samansetting av sesongarbeidarar og arbeidsinnvandrarar .....                 | 5  |
| METODE .....                                                                                                                           | 5  |
| GJENNOMFØRING .....                                                                                                                    | 5  |
| VIDARE OG VARIG SATSING.....                                                                                                           | 6  |
| 4.3 Utvikle og iverksette program for inkludering av arbeidsinnvandrarar og deira familiar .....                                       | 6  |
| METODE .....                                                                                                                           | 6  |
| GJENNOMFØRING/RESULTAT .....                                                                                                           | 8  |
| VIDARE OG VARIG SATSING.....                                                                                                           | 10 |
| 4.4 Kartlegge sesongarbeidarar sin kompetanse og motivasjon til å bli verande og etablere seg her. ....                                | 11 |
| METODE .....                                                                                                                           | 11 |
| GJENNOMFØRING/RESULTAT .....                                                                                                           | 11 |
| VIDARE OG VARIG SATSING.....                                                                                                           | 11 |
| 4.5 Matche sesongarbeidarar med bedriftene sitt behov for kompetanse .....                                                             | 12 |
| METODE .....                                                                                                                           | 12 |
| GJENNOMFØRING/RESULTAT .....                                                                                                           | 12 |
| VIDARE OG VARIG SATSING.....                                                                                                           | 13 |
| 4.6 Synleggjere arbeidsinnvandrane i lokalsamfunnet .....                                                                              | 13 |
| METODIKK .....                                                                                                                         | 13 |
| GJENNOMFØRING/RESULTAT .....                                                                                                           | 14 |
| VIDARE OG VARIG SATSING.....                                                                                                           | 16 |
| 4.7 Dokumentere metodikk og arbeidsmåtar undervegs, samt utarbeide ein sluttrapport med forslag til vidare og varig organisering ..... | 16 |
| METODIKK .....                                                                                                                         | 16 |
| GJENNOMFØRING/RESULTAT .....                                                                                                           | 16 |
| VIDARE OG VARIG SATSING.....                                                                                                           | 17 |

## 1. Prosjektorganisering

Norrdal, Stordal og Stranda kommunar har vore prosjekteigarar. Norrdal kommune har ført prosjektrekneskapen.

Styringsgruppa har bestått av rådmennene i dei tre kommunane (næringsssjef Inge Bjørdal i Stranda kommune mot slutten av prosjektperioden), Sissel Habostad frå Norsk sjømat, Finn Ove Båtevik frå Møreforsking og Martin Vos (arbeidsinnvandrar og tilsett i Stordal kommune)

Det har vore oppretta følgjande arbeidsgrupper på tvers av kommunane:

- Arbeidsgruppe for inkluderingsdagar og integreringskonferanse: Leiarane av frivilligsentralane i Norrdal, Stordal og Stranda samt flyktningkoordinatorar i Norrdal og Stranda
- Arbeidsgruppe for samarbeid i vaksenopplæringa: Ansvarlege for vaksenopplæringa i Norrdal (Valldal skule), Stranda (Stranda ungdomsskule) og Stordal (Stordal skule).

Terese Jemtegård Moen frå Fjordhagen AS har vore prosjektleiar og har hatt koordinator-rolla i prosjektet med ansvar for å kalle inn til og dokumentere møter, arbeidsmåtar/metodikk samt å skrive sluttrapport for prosjektet.

Samarbeidspartar i prosjektet har vore

- Frivilligsentralane i Norrdal, Stordal og Stranda kommunar
- NAV Storfjorden og NAV Stranda/Sykkylven
- 15 bedrifter i Norrdal, Stordal og Stranda kommunar
- Vaksenopplæringa i Norrdal, Stordal og Stranda kommunar
- Møre og Romsdal fylkeskommune, regional- og næringsavdelinga
- Møreforsking/ Universitetet i Stavanger/IRIS/Senter for interkulturell kommunikasjon/Vestlandsforskning/Høgskulen i Sogn og Fjordane
- Folkeuniversitetet Midt-Norge

Prosjektet starta opp i november 2013 og var ferdig i oktober 2016.

## 2. Overordna målsetting

Overordna målsetting for prosjektet har vore å finne ein metodikk for korleis ein kan kartlegge og utnytte kompetansen til sesongarbeidarar og etablere eit program for korleis ein kan integrere arbeidsinnvandrarar og deira familiar i lokalsamfunna på ein best mogleg måte.

Delmål:

- Positiv folketalsutvikling
- Mindre gjennomtrekk/turnover av arbeidskraft og meir kompetent arbeidskraft i bedriftene
- Positiv lokalsamfunnsutvikling med frivillege lag og organisasjonar som rygggrad i aktivitetstilbod på fritida

### 3. Målgrupper

Målgruppene i prosjektet har vore

- Lite integrerte arbeidsinnvandrara
- Bedrifter med mange sesongarbeidarar og arbeidsinnvandrara
- Sesongarbeidarar

### 4. Tiltak, aktivitet og resultat

#### 4.1 Rekruttering av bedrifter i dei tre kommunane inn i forpliktande prosjektsamarbeid

##### METODE

Rekrutteringsarbeidet av bedrifter vart meir tidkrevjande enn først antatt. Med hjelp av samtale med næringsssjefane og rådmennene i dei tre kommunane vart det sett opp ei liste over bedrifter i dei tre kommunane som kunne vere i målgruppa for prosjektet. Denne vart også supplert med eit søk i Purehelp Pro som Fjordhagen AS har tilgang til. Fjordhagen AS har også mailadresser til dei fleste bedrifter i dei tre kommunane.

Det vart sendt ut epost til alle bedriftene med informasjon om utfordringane som prosjektet skal prøve å løyse og kva gevinstar prosjektet kan gje for dei bedriftene som engasjerer seg. Mailen vart oppfølgt med telefonsamtale. Informasjon om prosjektet vart også referert til i Storfjordnytt og Sunnmøringen samt på Fjordhagen sine elektroniske nyheitsbrev som går til dei fleste bedrifter i dei tre kommunane.

##### GJENNOMFØRING/RESULTAT

Etter første rekrutteringsrunde hadde vi fem bedrifter som ynskte å inngå samarbeid med prosjektet og fem bedrifter som var i tenkjeboksen. Felles for dei bedriftene som var i tenkjeboksen var at kontaktpersonane var svært opptekne og det var rett og slett vanskeleg å få tak i dei sjølv etter fleire oppringingsforsøk. To bedrifter svara at dei synes prosjektet ser svært bra og positivt ut med at dei ikkje hadde tilstrekkeleg tid til å vere med i prosjektet. Dei ville følgje med på prosjektet og vurdere å gå inn på eit seinare tidspunkt.

Hausten 2014 vart det gjort eit nytt framstøt og totalt 16 bedrifter har inngått forpliktande prosjektsamarbeid. Det er bedrifter frå alle tre kommunane, både offentlege og private. Dei fleste av dei som var i tenkjeboksen bestemte seg for å bli med, og nokre nye til kom til som resultat av kartlegging av behov for kompetanse, sesongarbeidarar og arbeidsinnvandrara. Det er altså lettast å få med bedrifter i prosjekt når dei ser konkrete fordelar av prosjektet framfor å skulle selje inn ein overordna prosjektplan.

##### VIDARE OG VARIG SATSING

I dei fleste tiltaka i prosjektet er det oppretta kontakt mellom bedriftene og samarbeidspartnarane slik at bedriftene kan få hjelp til vidare satsing på integrering av arbeidsinnvandrara. Døme på dette er at bedriftene no kjenner til VOX si ordning for å søkje midlar til gjennomføring av yrkesretta norskkurs i bedriftene, og at dei heretter ikkje er avhengige av prosjektet.

## 4.2 Kartlegge bedriftene sine behov for kompetanse, samt samansetting av sesongarbeidarar og arbeidsinnvandrarar

### METODE

Kartlegginga vart første året gjennomført som telefonsamtaler med bedriftsleiare/kontaktpersonane vi hadde i kvar bedrift. Dei neste to åra vart det sendt ut epost der vi ba om tilbakemelding frå dei som hadde behov for kurs/kompetanseheving.

Studentar frå Høgskulen i Volda gjennomførte våren 2014 ei lokalsamfunnsanalyse i Stranda kommune med fokus på integrering av utanlandsk arbeidskraft. Prosjektleiare var med og bidrog inn i denne analysa med informasjon om prosjektet og våre erfaringar.

### GJENNOMFØRING

Kartlegginga av bedriftene sitt behov for kompetanse har ikkje overraskande resultert i at det var eit stort behov for språkkompetanse. Det var behov for både grunnleggjande nybyrjarkurs og vidaregåande kurs. I nokre bedrifter var det også behov for at nokon arbeidsinnvandrarar kunne ta fagutdanning i det arbeidet dei utfører.

Det har også i kartlegginga vore avdekt at kulturforskjellar kan ha ei betydning ift. språkkurs og måtar å lære på. Polsktalande arbeidsinnvandrarar har behov for å få forklaring på kvifor ting er som dei er, og dersom dei ikkje får slik forklaring stoppar alt opp og dei dett av lasset og sluttar på kursa.

Lokalsamfunnsanalysa til høgskulestudentane frå Volda peika også på språk som den største utfordringa for arbeidsinnvandrarar ift. integrering.

Bedriftene meiner språkkompetanse er viktig, spesielt med omsyn på rett kommunikasjon på jobben. Dette medfører ein høgare effektivitet, høgare sikkerheit og mindre tid og ressursar vil bli brukt på opplæring. Bedriftene tek ansvar for å halde på arbeidskrafta, få dei tilsette til å fungere godt i bedrifta og også at tilsette skal kunne «klatre i karriera». Nokre bedrifter har tilsette som har arbeid som ikkje er relevant ift. utdanning/erfaring. Bedriftene veit at desse tilsette mest sannsynleg er tilsett i ei fase der dei opparbeider seg betre norskkunnskapar for å kunne søkje arbeid som er relevant ift. utdanning/erfaring.

Kommunane meiner språkkompetanse er nøkkelen til integrering i lokalsamfunnet. Dei ynskjer at flest mogleg skal busette seg i kommunane, og at sannsynlegheita for det aukar dess meir integrert dei er. Kommunen meiner at språk er nøkkelen til integrering.

Kartlegginga blant bedriftene i Stranda kommune viste at det var behov for jamlege informasjonsmøter for nye innbyggjarar – eit «krasjkurs om lokalsamfunnet» om ein vil. Bedriftene tek sjølv ansvar for arbeidstakaren innanfor sine fire veggar, men ynskjer at kommunen og offentlege instansar arrangerer informasjonsmøter med informasjon om lokalsamfunnet;- skular, sfo, norskkurs, barnehage, helsetenester osv.

Dei fleste bedriftene har for det meste arbeidsinnvandrarar som har flytta hit til kommunane. Nokre få bedrifter har sesongarbeidarar som arbeider her og bor her i ein periode, td. 3 månadar, for så å reise tilbake til heimlandet. Sesongarbeidarane er her utelukkande for å tene mest mogleg og bruke

minst mogleg pengar. Dei bedriftene som har mange sesongarbeidarar merkar naturleg nok at det er lav motivasjon blant dei tilsette til å lære seg norsk og integrere seg i lokalsamfunna. Det er høgare motivasjon blant arbeidsinnvandrarane for å lære seg norsk og integrere seg, men også blant desse er det relativt mange som ikkje er særleg motiverte for å lære seg skikkeleg norsk eller integrere seg.

## VIDARE OG VARIG SATSING

Bedriftene sitt behov for kompetanse vil også framover i stor grad handle om å heve norskkunnskapane til arbeidsinnvandrarane. Det vil ikkje blir gjennomført fleire kartleggingsrundar på tvers av kommunane, men bedriftene bør no vere i stand til å kartlegge dette sjølve og ta direkte kontakt med Folkeuniversitetet som kan søkje VOX om midlar til yrkesretta norskkurs.

### 4.3 Utvikle og iverksette program for inkludering av arbeidsinnvandrarar og deira familiar

#### METODE

Med bakgrunn i kartlegginga har prosjektet vore fokusert på dette med språkopplæring som utgangspunkt og føresetnad for både kulturforståing, folkehelse og inkludering i frivillege lag og organisasjonar.

Den største utfordringa ift. språkopplæring og arbeidsinnvandrarar har vore å finne ein god måte å tilby språkopplæring for nybyrjarar. A1- kurs er noko som enten bedrifta betalar eller at kvar einskild deltakar betalar kursavgift. Dersom det er mange nok deltakarar så kan det arrangerast bedriftsinterne kurs slik at ein kan få tilpassa stad, kurstid og dag til bedrifta sitt behov. Desse kursa kan i utgangspunktet arrangerast anten av Vaksenopplæringa (Norddal og Stranda kommune) eller Folkeuniversitetet Midt-Norge. Dei siste tilbyr også nettkurs med forelesningar på nett.

Vaksenopplæringa organiserer i utgangspunktet kurs for dei med rett og plikt, dette får vaksenopplæringa tilskot frå staten for og grunnfinansierer kursa. Ein tek også inn betalande arbeidsinnvandrarar på desse kursa.

Gjennom bedriftskartlegginga kom det fram at dei fleste bedriftene synes det er for ressurskrevjande å finansiere bedriftsinterne kurs på dette. Det vert då opp til arbeidsinnvandrarane sjølv å finansiere og finne tid til deltaking på kurs. Pris ca 5000 per halvår (48 undervisningstimar). Ikkje alle har råd til dette, og mange har også utfordringar ift. skiftjobb etc.

Hausten 2016 arrangerte vi bedriftsseminar på Stranda der vi inviterte tre eksterne bedrifter som har vore gode på integreringsarbeid til å fortelje om og dele sine erfaringar. Det var Elementpartner frå Åndalsnes, Kleven Maritime Contracting frå Ulstein og Marine Harvest frå Eggesbønes.

Med bakgrunn i kartlegginga har det også vore jobba med å finne ut av korleis ein kan utvikle og stette arbeidsinnvandrarane sitt informasjonsbehov.

Gjennom døroppnartenesta i Norddal har Fjordhagen AS sidan 2009 arrangert jamnlege informasjonsmøter for nye innbyggjarar «Velkomen skal du vere»-treff. Her møter ordførar for å ynskje velkomen, døroppnartenesta, Frivilligsentralen, Vaksenopplæringa og andre aktuelle aktørar

som bustadentreprenører etc. Det har vore lite frammøte av arbeidsinnvandrere på desse møta, sjølv om marknadsføringa har vore god. Døroprartenesta i Norddal har hatt oversikt over alle som har flytta inn til kommunen sidan prosjektet starta i 2009 og har helde kontakten med desse på epost, facebook og per telefon. Alle nye innbyggjarar vert kontakta av døroprnar per telefon og gjennom denne samtala vert det kartlagd kva behov innflyttaren og familien har for hjelp til å finne bustad, jobb og fritidsaktivitetar. Det er naturleg nok størst behov blant arbeidsinnvandrarane ift. hjelp frå Døroprartenesta. Dei norske innflyttarane har ofte nettverk frå før i form av slekt. Vi trur at arbeidsinnvandrarane føler at dei får god nok informasjon gjennom døroprartenesta, slik at dei ikkje har behov for å møte på velkomst-treffa.

Møreforskning har i samarbeid med Universitetet i Stavanger/IRIS/Senter for interkulturell kommunikasjon og Vestlandsforskning/Høgskulen i Sogn og Fjordane gjennomført prosjektet «Arbeidsinnvandring som ressurs i regional utvikling». Møreforskning har hatt ansvaret for kartlegging på oversiktsnivå basert på tilbakemelding frå rådmennene i kommunane samt registerdata frå Statistisk Sentralbyrå (SSB). Sistnevnte informasjon har krevd spesialbestilling frå SSB, og det har tatt lang tid å få dette på plass. Data vert levert frå SSB i desember 2014 og analysearbeidet av denne informasjonen starta våren 2015. Møreforskning ville ta ut data for Norddal, Stordal og Stranda kommunar, samt Herøy. Vi skulle få tilgang til dette statistikkgrunnlaget når dette var klart, slik at vi kunne basere vidare satsing i prosjektet på dette. Vestlandsforskning/Høgskulen i Sogn og Fjordane samt IRIS (International Research Institute of Stavanger) besøkt Norddal kommune og gjennomført intervju med både bedrifter, arbeidsinnvandrere og offentlege aktørar. Forskarane Grete Netteland og Ingjerd Skogseid frå hhv.Høgskulen i Sogn og Fjordane og Vestlandsforskning hadde fokus på informasjonsbehov og offentleg informasjonsformidling og spurde om dette med tilgang til offentleg informasjon til arbeidsinnvandrere, innvandrarane si oppleving av tilgang til offentleg informasjon og deira informasjonsbehov. Forskarane Gunn Vedøy og Brita Gjerstad frå IRIS hadde fokus på sektorane helse/omsorg og skule/opplæring og spurde om korleis kommunen møter arbeidsinnvandrere og korleis kommunen samarbeider med andre sentrale aktørar når det gjeld arbeidsinnvandrere.

Prosjektleiare har hatt kontakt med Placement som kan vere ein aktuell leverandør av Velkomen hit-kurs for tilsette som skal arbeide på tilflyttarkontor.

Prosjektleiare har hatt løpande kontakt med fleire av prosjektleiarene for andre integreringsprosjekt i Møre og Romsdal, og har også hatt møte med INN-kontoret ved Næringsforeningen Ålesundsregionen. Dei har laga ei bok «New in the Ålesund region» som er nyttig praktisk informasjon om det å bu å arbeide i Ålesundsregionen. Døroprartenesta har fått ein del eksemplar som vert delt ut til utanlandske arbeidsinnvandrere i Norddal i samband med velkomstpakken som vert utsendt. Boka vart også utdelt til bedrifter som møtte på bedriftsseminar på Stranda og det er muleg å få tilsendt fleire slik at bedriftene kan gje ut desse til sine tilsette.

Det har også vore abonnert på Retriever medieovervåking nasjonalt i aviser etc. ift. søkeord arbeidsinnvandring og integrering. På denne har prosjektleiare kunne fange opp aktuell informasjon og fersk «best practice» i alle delar av landet og også publisering av rapportar som omhandlar tematikken. Også gjennom kontakt med Distriktssenteret, prosjektleiarsamlingar og dialogmøter har prosjektleiare fått tilgang til aktuell forskingsresultat på feltet.

## GJENNOMFØRING/RESULTAT

Vaksenopplæringa i kommunane har ansvar for nasjonal introduksjonsopplæring. Prosjektleiari har gjennomført fleire møter med Vaksenopplæringa i alle tre kommunane. Vi har fått til ei koordinering mellom vaksenopplæringa i kommunane slik at ein kan få til ei betre ressursutnytting og ei betre målgruppeoversikt. Målet om å til ei kvar tid å ha tilbod om oppstart av både nybyrjarkurs og vidaregåandekurs kvart halvår er i stor grad nådd.

Ein viktig del av prosjektet har vore å kartlegge behovet for norskkurs hos dei tilsette ute i bedriftene, og vidareformidle dette inn til vaksenopplæringa slik at dei kan ta inn betalende kursdeltakarar utanom dei med rett og plikt. Vaksenopplæringa har sjølv oversikt over dei som har rett og plikt til norskkurs.

Ei utfordring for Vaksenopplæringa er at arbeidsinnvandrarar som ikkje har rett/plikt tappar grunnskulen for ressursar dersom det ikkje er mange nok på kvart kurs. Det varierer veldig frå år til år kor mange – og om det i det heile tatt – er elevlar med rett/plikt. Stordal kommune har hatt svært få rett/plikt-elevlar, og har vald å kjøpe plass til dei frå Vaksenopplæringa i Ålesund. Vaksenopplæringa i Stordal kommune valde i 2014 å avslutte tilbodet til betalende arbeidsinnvandrarar om norskkurs. Ei anna utfordring for vaksenopplæringa har vore at det varierer veldig blant elevane kva forventningar og krav dei har om framdrift. Dette har ført til at arbeidsinnvandrarar sluttar undervegs i kursa.

Både Norddal og Stranda kommunar har tatt mot flyktningar i 2016, og det har då også blitt aktuelt å tilby norskkurs på dagtid. Stordal kommune har også planar om å ta mot flyktningar, og då vil behovet for norskkurstilbod gjennom Vaksenopplæringa vere der att.

Vaksenopplæringa har vore villig til å sjå på dette med å tilby bedriftsinterne kurs i bedrifter med mange nok tilsette, men kom til at dette vart vanskeleg av kapasitetsmessige årsaker ift. lærarkapasitet.

I samband med bedriftsseminaret som vart arrangert på Stranda 21.oktober 2014 kom det mellom anna fram at Marine Harvest har fått innvilga VOX-midlar frå BKA-programmet (Basiskompetanse i arbeidslivet) til yrkesretta norskkurs i samarbeid med Folkeuniversitetet. Med hjelp av midlar frå BKA-programmet så er kurset gratis for bedriftene/dei tilsette. Målgruppa for yrkesretta norskkurs er tilsette som har grunnleggjande norskkunnskapar og som ikkje har basiskompetanse i faget/yrket han/ho jobbar i. Kursa vil ha fokus på HMS, daglegtales og vokabular som trengs i bedrifta/bransjen og det norske kulturspråket. Kurset kan også vere ein del av vegen til fagbrev. Kurset er på 48 timar og det er snakk om to gongar per veke à 4 timar i 6 veker.

Prosjektleiari tok kontakt med Folkeuniversitetet Midt-Norge og dei var positive til å sende inn søknad om VOX-midlar til yrkesretta norskkurs basert på tilbakemeldt behov frå bedrifter i Norddal, Stordal og Stranda kommune. Søknadsfristen for å få midlar til 2015 var 11.november, og etter ei grundig kartlegging vart det sendt søknad på vegne av 9 bedrifter/79 tilsette. Søknaden vart innvilga i januar 2015 og dei første gruppene kunne starte opp allereie i februar. Det vart gjort ny kartleggingsrunde hausten 2015, sendt søknad på vegne av 4 bedrifter/38 tilsette. Også denne søknaden vart innvilga. I tillegg tok ei større bedrift direkte kontakt med Folkeuniversitetet Midt-Norge og søkte og fekk godkjent yrkesretta norskkurs for sine tilsette. Hausten 2016 vart det også gjort kartleggingsrunde, men det er på noverande tidspunkt ikkje klart kor mange bedrifter/tilsette

det blir søkt for. Vi har inntrykk av at både bedriftene og dei tilsette er nøgde med desse kursa, og at det er ein stor fordel at norskkursa vert kopla til arbeidsplassen og arbeidsrelaterte problemstillingar.

Fleire av bedriftene som meldte interesse for yrkesretta norskkurs hadde tilsette som ikkje var i målgruppa fordi dei hadde grunnleggjande norskkunnskapar og basiskompetanse i faget/yrket dei jobba i. Desse bedriftene var likevel interessert i å arrangere yrkesretta norskkurs for sine tilsette, og prosjektleiar formidla kontakt med Folkeuniversitetet for å få tilbod på lærarressurs og finansiere dette sjølve.

Vi har også funne fram til at det også fins gratis norskkurs på nett, LearnNow. Dette er eit online nybyrjarkurs tilsvarande nivå A1-A2 som er utvikla av Institutt for språk og litteratur ved Norges tekniske og naturvitenskaplege Universitet (NTNU) på oppdrag frå VOX (Nasjonalt fagorgan for kompetansepolitikk) og Utdannings- og forskingsdepartementet. Kurset har vegleiing både på engelsk, polsk og spansk, og ser ut til å vere eit perfekt verktøy arbeidsinnvandrarar som raskt ynskjer å kome i gang med å lære norsk. Eleven kan gjennomføre kurset på tidspunkt som passar for ein sjølv, sleppe å vente eit halvt år og lengre på at nybyrjarkurs kan starte opp og sist, men ikkje minst – det er gratis. Fleire bedrifter har anbefalt dette til sine tilsette slik at dei kan vere i posisjon til å kunne delta på yrkesretta norskkurs seinare. <http://www.ntnu.edu/learnnow>

For å finne ut av om kulturforskjellar kan ha ei betydning ift. språkkurs og måte å lære på, vart det tatt kontakt med Folkeuniversitetet Midt-Norge for å få til nybyrjarkurs nivå A1 for polske arbeidsinnvandrarar med polsktalande lærar. Då oppklarte norsklæraren kursdeltakarane sine spørsmål på sitt eige morsmål. Det var interesse for å få til slike kurs også for fleire nasjonalitetar, og det vart arrangert eit kurs for litauisktalande arbeidsinnvandrarar med litauisktalande lærar.

Døroprartenesta i Norddal kommune var finansiert fram til juni 2015 og har hatt eitt års opphald. Den kom i gang att gjennom Fjordhagen AS frå juli 2016. Stranda og Stordal kommunar har ikkje innflyttarkontor/døroprarteneste. Stordal kommune er ein liten og oversiktleg kommune, der dei har servicetorg-tilsette med spesialkompetanse på innflytting og integrering. Der har ikkje bedriftene signalisert at det er behov for velkommen hit-treff heller. Bedriftene i Stranda kommune signaliserte i kartleggingsrunden at det var behov for at kommunen arrangerer «bli kjent»-kurs. Stranda kommune tilsette 100% stilling som fagansvarleg for flyktning- og innvandrartenesta våren 2016, og på sikt bør flyktning- og innvandrartenesta tilby bedriftene å kome på besøk i bedrifta og halde «minikurs» for arbeidsinnvandrarane om kommunen og lokalsamfunnet. Her bør det vere informasjon om ulike kommunale tilbod (barnehage, skule, helsetenester mm.) og frivilligsentralen bør vere med og informere om sine tilbod og kontaktnettverk og tilbod til frivillege lag og organisasjonar.

Sluttrapporten og opplysningane som vi skulle få tilgang til frå prosjektet «Arbeidsinnvandring til Vestlandet» har vorte sterkt forseinka, så vi har dessverre ikkje hatt moglegheit til å leggje noko av dette til grunn for arbeidet i prosjektet.

Kartlegginga som Møreforskning gjorde på oversiktsnivå viser at prosjektkommunane som satsar på å løyse problemstillingar knytt til arbeidsinnvandring scorar litt høgare enn andre kommunar i Møre og Romsdal på vurdering av arbeidsinnvandring som ressurs ift. at det er positivt for folketalsutviklinga, at arbeidsinnvandring er viktig for å sikre arbeidskraft til privat næringsliv og ift. at arbeidsinnvandring bidreg til kulturelt mangfald. Prosjektkommunar svarar relativt likt med andre

kommunar (nærare 70%) på at arbeidsinnvandring er viktig for å sikre arbeidskraft til offentlig sektor (mindre betydning enn ift. å sikre arb.kraft til privat sektor) og på at det er utfordrande å levere kommunale tenester utan arbeidsinnvandring . Den største skilnaden mellom prosjektkommunar og andre kommunar finn ein i svara på dette med arbeidsinnvandring og tenesteyting.

Prosjektkommunane svarar i mykje større grad at arbeidsinnvandring bidreg til at ein må vere nytenkjande ift til kommunale tenester. Prosjektkommunar satsar i mykje større grad enn andre kommunar på samarbeid med næringslivet for å rekruttere arbeidsinnvandrara, tilrettelegging for å skaffe jobb til ektefelle til arbeidsinnvandrara, arbeid for å gjere kommunen attraktiv som stad å bu for arbeidsinnvandrara og bustadplanlegging som vektlegg dei behova som arbeidsinnvandrara har.

Oppsummert for Møre og Romsdal så skil prosjektkommunane seg ut, særleg med tanke på utviklingsarbeid. Mange av desse kommunane er i gang med prosessar. Dei synest i større grad å ha forankra arbeidet enn andre kommunar i eige planverk, men dei fleste er etter alt å døme i det ein kan kalle ein start- og utviklingsfase i dette arbeidet. Oppsummerte erfaringar frå heile Vestlandsprosjektet per 2015 var at arbeidsinnvandringa vert opplevd som ein ressurs. Derimot er utviklingsarbeid retta mot arbeidsinnvandring og arbeidsinnvandrara klart prioritert område berre i kvar tiande kommune på Vestlandet. Det er relativt få kommunar som arbeider breitt og aktivt med arbeidsinnvandring som tema. Vestlandet er elles prega av kommuneorganisasjonar som er lite involverte. Arbeidsinnvandringa blir gjerne meir definert som eit fenomen som kan gi kommunen ekstra oppgåver, utan at kommunen treng å engasjere seg noko ut over dette: «Mange er håndverkere som skaffer seg jobb og bolig selv. Arbeidsinnvandrerne får kommunale tenester på lik linje med andre innbyggere. Litt ekstra i forhold til språk i barnehage, skole med vidare, men stort sett klarer arbeidsinnvandrerne seg i kommunen like godt som innfødte». Denne haldninga er nok ikkje tilstrekkeleg for at arbeidsinnvandringa blir ein reell ressurs for kommunane.

## VIDARE OG VARIG SATSING

Kommunane ved servicetorg/døroprarteneste/flyktning- og innvandrartenesta er «førstepunktet» for kontakt/informasjon om dei offentlege instansane, om ledige bustadar, jobb til ektefelle/sambuar og fritidstilbod.

Stordal kommune er såpass liten og oversiktleg at det ikkje er behov for døroprarteneste, og bedriftene her har heller ikkje uttrykt behov for minikurs i lokalsamfunnsinformasjon for sine tilsette. Stordal har også vedtatt å ta mot flyktningar, og ein framtidig stillingsressurs for dette vil kunne styrkje integreringsarbeidet i Stordal kommune.

I Norddal kommune har døroprartenesta kome på plass att i Fjordhagen etter eitt års pause frå sommaren 2015-2016. Det vil ikkje bli satsa vidare på «Velkommen hit»-treff, men ein vil halde fram med å ta personleg kontakt med nye innflyttara og vidareformidle relevant informasjon til desse. Det skal arrangerast visningstur for bedrifter i forkant av sommarsesongen 2016 og nyinnflyttara vil bli invitert med her. I 2016 fekk Norddal kommune på plass flyktningkonsulent, og den stillinga kan utviklast i retning av også å arrangere møteplassar mellom Norddalingar og arbeidsinnvandrara.

I Stranda kommune har Frivilligsentralen spela ei stor rolle i integreringsarbeidet i kommunen i prosjektperioden. Gjennom prosjektet har Frivilligsentralen kome i kontakt med mange arbeidsinnvandrara og har fått positive signal om at arbeidsinnvandrara sjølve ynskjer å engasjere seg vidare for integreringsarbeidet. Også Frivilligsentralen er motivert for å halde fram med å

arrangere møteplassar som td. Internasjonale Stranda. Frå 2016 har Stranda kommune også tilsett fagleiar for flyktning- og innvandrartenesta, og integreringsarbeidet for arbeidsinnvandrarar vil også halde fram gjennom denne stillinga.

Bedriftene tek ansvaret for integrering av arbeidsinnvandarane og kompetanseheving innanfor sine fire veggjar. Bedriftene har gjennom prosjektet fått kjennskap til nye verktøy som å søkje om tilskot til yrkesretta norskkurs og gratis norskkurs på nett.

#### **4.4 Kartlegge sesongarbeidarar sin kompetanse og motivasjon til å bli verande og etablere seg her.**

##### **METODE**

Kartlegginga vart gjennomført saman med kartlegginga av bedriftene sitt kompetansebehov og telefonsamtaler med bedriftsleiarar. På denne måten har vi indirekte fått ein del kunnskap om sesongarbeidarane sin kompetanse og motivasjon til å bli verande her.

Det er også utsendt elektronisk spørjeundersøking på epost til sesongarbeidarar som kvart år kjem til Norddal kommune for å hjelpe til med innhausting av bær, frukt og grønsaker. Vi har hatt samarbeid med Valldal Bærdyrkarlag som har sendt ut oppmoding til sine medlemmar om å sende oss epostadresser til sine tilsette sesongarbeidarar.

##### **GJENNOMFØRING/RESULTAT**

Sesongarbeidarar kjem ofte att år etter år/periode etter periode for å jobbe. Mange har kompetanse eller opparbeider seg kompetanse i jobben sin etter kvart. Ei bedrift seier at dei har relativt unge sesongarbeidarar som jobbar i bedrifta i same sesongane år etter år. Desse har deltatt på norskkurs, betalt sjølve og har vore villege til å gjere noko sjølve for å integrere seg. Trass i dette reiser dei etter 4-5 sesongar tilbake til heimlandet for å busette seg fast. Ei vesentleg utfordring som denne bedrifta nemner har vore tilgang på ledige hus/tomter til sal/leige. Andre bedrifter seier at sesongarbeidarane sin motivasjon for kurs og å legge innsats sjølv i å integrere seg heng saman om dei tenkjer seg å vere her lenge eller ikkje. Nokre av dei tilsette er her berre for å jobbe og sende pengar til familie i heimlandet og då brukar dei minst mogleg pengar på fritidsaktivitetar og anna medan dei er her og har ikkje motivasjon for å bli integrerte.

Det er med andre ord ei stor utfordring for nokon bedrifter å motivere sesongtilsette til å gå norskkurs og å gjere ein innsats sjølve for å integrere seg. Dei tilsette ser ikkje gevinstane av dette. Det er ikkje lett å integrere nokon som ikkje er motivert, så prosjektet har konsentrert seg om kva ein kan gjere for dei bedriftene og arbeidsinnvandarane som er motiverte for norskkurs og integrering.

##### **VIDARE OG VARIG SATSING**

Gjennom døropnartenesta i Norddal kommune vil Fjordhagen AS halde fram med å kartlegge sesongarbeidarar sin kompetanse og motivasjon til å bli verande her.

## 4.5 Matche sesongarbeidarar med bedriftene sitt behov for kompetanse

### METODE

I prosjektet har ein både hatt møte med NAV lokalt og telefonsamtaler med NAV sentralt.

Vi har også brukt og vidareutvikla erfaringar frå Døroprartenesta i Norddal. Døroprartenesta i Norddal har sidan 2009 gjort søk i lokalavisene og på nettet for å publisere ledige stillingar i Storfjord-regionen på facebookgruppa «Heim til Norddal», og på Fjordhagen AS sine Facebook-sider. Døroprnar har også kontakta bedrifter i Norddal som har annonsert ledige stillingar i lokalavisa med oppmoding om å registrere dei i NAV sin database over ledige stillingar dersom dei allereie ikkje har gjort det. Lokalavisa Storfjordnytt har også hjelpt til med å anbefale bedrifter som annonserer ledige stillingar om også å legge inn stillinga i NAV sin database. På denne måten har døroprartenesta kunne vist til NAV sin database for ei total oversikt over ledige stillingar i Storfjord-regionen.

### GJENNOMFØRING/RESULTAT

Det har vore gjennomført møte med NAV Storfjorden for å få innsyn i korleis NAV prioriterer og brukar sine virkemiddel/kurs ift. arbeidsmarknad, CV og søknadar, jobbintervju og jobbrelatert norskopplæring.

Det er ikkje så mange som kontaktar NAV utan å ha hatt arbeid/d-nummer frå før. Brukarane har ofte venner eller kjende som blir med dei i møte med NAV. NAV hjelper til med å legge inn CV ift. jobbmatch, men det er ei utfordring med språk. Når dei køyrer jobbmatch ut frå NAV-systemet er det mykje som ikkje treff pga. manglande språkkompetanse.

Alle som henvender seg til kontoret, og som ønsker eller trenger bistand for å komme i arbeid, har rett til å få vurdert sitt bistandsbehov. NAV har knytt til seg ulike leverandørar på tenester og kurs, td. Brisk. Det er svingingar ift. kva som vert prioritert og kva som er tilgjengeleg. Standardtiltak på kurs er Jobbklubb, eit lavterskeltilbod der ein får grunnleggande opplæring i korleis ein finn stillingar/utlyste søknader og søker på dei. NAV si haldning er at deira ansvar er å hjelpe brukarar å finne arbeid, det er ikkje NAV sitt ansvar å lære arbeidsinnvandrarar norsk.

Eit anna tilbod NAV har er arbeidspraksis. Her er det ei bedrift som har ansvar for ein person som kan jobbe i bedrifta å samstundes lære norsk og det norske arbeidsmiljøet å kjenne. Det er to ulike grupper ift. tiltaksmidlar i NAV; ordinære arbeidssøklarar og oppfølging av arbeidstakarar med nedsett arbeidsevne.

NAV Storfjorden ser at arbeidsinnvandrane som oppsøker NAV er arbeidsledige som har kome hit tidlegare, busett seg og etablert seg i området. Mange handterer dette ganske bra. Enkelte av brukarane er ikkje så gode i norsk. NAV satsar på informasjonsmøter ute hjå arbeidsgjevarane der dei orienterer, informerer og mottok informasjon. NAV tek kontakt direkte med bedriftene. NAV Storfjorden ser behovet for døroprartenesta/tilflyttarkontor. Dersom dette fungerer så ser dei ikkje så mykje til arbeidsinnvandrarar som ikkje har jobb frå før og kjem hit for å søkje jobb.

Prosjektleiar har tatt kontakt med NAV sentralt for å undersøke korleis tenesta «Søk i CV-basen» fungerer, kva arbeidssøkjaren må gjere for å registrere CV, og kva arbeidsgjevarane må gjere for å nytte «Søk i CV-basen» for å finne arbeidssøklarar busett i Stranda, Norddal og Stordal. Arbeidssøkjaren (kandidaten) må legge inn faste søkekriterier at han bur i Norddal, Stordal eller

Stranda eller at han/ho søker jobb i desse tre kommunane. For å få tilgang til «Kandidatsøk» må arbeidsgjevarane registrere seg som nettbrukarar hos NAV. Då får dei tilgang til tenesta «Utlyse stilling» der dei sjølve kan registrere stillingsannonser som kostnadsfritt distribuerast i NAV sine kanalar samt tenesta «Søk i CV-basen» der arbeidsgjevaren får tilgang til NAV si CV-database slik at bedrifta sjølv kan finne nye medarbeidarar med riktig kompetanse.

I prosjektet har vi utvikla ein metodikk der sesongarbeidarar på jakt etter jobb tek kontakt med Fjordhagen AS, og får hjelp til å sende ut open søknad og CV på epost til bedriftene i dei tre kommunane. Fjordhagen AS får ofte tilbakemelding frå bedrifter direkte for å høyre om ein veit om aktuelle søkarar på jakt etter jobb. Fjordhagen AS informerer også sesongarbeidarar om mulegheita for å registrere CVen sin i CV-basen til NAV. NAV har kontakt direkte med bedriftene og informerer dei om korleis dei skal nytte «Søk i CV-basen».

Ein veit gjennom tilbakemeldingar frå, og tett kontakt med sesongarbeidarane, at ein på denne måten har lukkast i å skaffe dei arbeid i Indre Storfjord og at dei dermed har vald å busette seg her.

## VIDARE OG VARIG SATSING

Fjordhagen AS vil gjennom døroprartenesta i Norddal halde fram med sende ut open søknad og CV for arbeidsinnvandrarar til bedriftene i dei tre kommunane. Arbeidsinnvandrane vil også få informasjon om korleis dei skal registrere CV-en sin i CV-basen til NAV. Fjordhagen AS vil oppfordre bedriftene i næringsforumet om å nytte NAV si teneste «Søk i CV-databasen» når dei er på jakt etter nye medarbeidarar.

## 4.6 Synleggjere arbeidsinnvandrane i lokalsamfunnet

### METODIKK

Det har vore etablert og arrangert inkluderingsdagar i alle tre kommunane. Stordal kommune hadde allereie erfaringar frå å ha gjennomført «Internasjonal kulturfestival» i 2012, og Norddal kommune hadde erfaringar frå å ha arrangert «Mangfaldsmarknad» i 2013.

I løpet av prosjektperioden har det vore arrangert 6 inkluderingsdagar; «Kveldsmat frå mange land» i Eidsdal (Norddal kommune) to gonger (23.sept 2014 og 22.sept 2015), «Internasjonale Stranda» i Stranda to gonger (30.aug 2015 og 04.sept 2016) og «Internasjonal kulturfestival» i Stordal 12.sept 2015 samt «Inkluderingskveld» i Stordal 27.september 2016.

Stordal kommune er så liten og oversiktleg at frivilligsentralen har hatt god oversikt over arbeidsinnvandrane som bur der, og har hatt lett for å kome i kontakt med dei. I Norddal har ein nytta seg av kontaktdatabasen som er opparbeidd gjennom døroprartenesta for å kome i kontakt med arbeidsinnvandrane, i tillegg til at Norddal kommune også er relativt liten og oversiktleg. I Stranda måtte ein velje ein annan innfallsvinkel då tettstaden er relativt stor, og ein heller ikkje har noko kontaktdatabase til arbeidsinnvandrane. Her reiste prosjektleiar og leiar for Frivilligsentralen (og i 2016 også fagleiar for flyktning- og innvandrartenesta) rundt på bedriftsbesøk for å kome i kontakt med arbeidsinnvandrane og fortelje dei om, og engasjere dei i, Internasjonale Stranda.

Vi var også bevisste på å få omtale i lokalavisene før, under og etter arrangementa, slik at ein på denne måten også fekk synleggjort arbeidsinnvandrarane i lokalsamfunnet.

Ei bedrift med mange arbeidsinnvandrarar tok initiativ til å arrangere sosial kveld for sine tilsette med mat og prat, og fekk hjelp frå prosjektet og døropnartenesta ifb. med dette.

## GJENNOMFØRING/RESULTAT

I samarbeid med Norddal kommune, Frivilligsentralen, Døropnartenesta i Norddal og prosjektleiar arrangerte Eidsdal-Norrdal Røde kors «Kveldsmat frå mange land» på Røde Kors-huset i Eidsdal 23.september 2014 i samband med Folkehelseveka i Norddal. Eidsdal/Norrdal Røde Kors hadde lagt ned ein imponerende innsats i å dekke og pynte bord, og lage til eit norsk tradisjonsmatbord med fokus på lokale produkt. Døropnartenesta hadde kontakta alle utanlandske innflyttarar ein har oversikt over sidan 2009 og heile 30 representantar frå ulike nasjonalitetar i Norddal stilte opp med heimelaga smaksprøver av kveldsmat frå sine land. 16 nasjonalitetar var representert og det var om lag 50 rettar på borda. Det var laga til 87 sitjeplassar då dørene opna kl 18, men dette vart snart for lite. Fleire stolar og bord måtte setjast opp i kvar ei ledig krå, og i løpet av kvelden hadde over 130 personar vore innom. Det var svært gledeleg å sjå at innbyggjarar frå alle bygdene i kommunen hadde tatt turen og praten gjekk livleg rundt borda. I evalueringa av arrangementet vart det konkludert med at «Kveldsmat frå mange land» var eit veldig positivt tiltak og ein suksess som bør vidareførast som fast årleg arrangement i samband med Folkehelseveka. Mange av bidragsytarane meldte seg umiddelbart til innsats neste gang. Arrangementet fekk støtte gjennom prosjektilskot frå IMDI-midlane.

Basert på erfaringane frå året før, vart «Kveldsmat frå mange land» arrangert på nytt i Eidsdal 22.september 2015. Denne gongen med 11 nasjonar og totalt 27 representantar som stilte opp med til saman 25 rettar av heimelaga smaksprøver frå sine heimland. Nok ein gong vart dette eit vellukka arrangement med bortimot 130 besøkande frå alle bygder i kommunen. Eidsdal/Norrdal Rødekors var hovudarrangør saman med Frivilligsentralen og prosjektleiar. Denne gongen vart arrangementet støtta av kulturtilskot frå Møre og Romsdal fylkeskommune samt frå frivillige bidrag til integreringsarbeid i Røde kors.

I samarbeid med Frivilligsentralen på Stranda, bedrifter og frivillige arbeidsinnvandrarar og nordmenn vart «Internasjonale Stranda» arrangert på Storfjord kulturhus 30.august 2015. Arrangementet var lagt i samband med «Strandadagane». Det vart presentert ein stor internasjonal buffet med ca 50 rettar frå 10 ulike nasjonar. Totalt 28 arbeidsinnvandrarar bidrog med å lage til mat og pynte stand. I tillegg bidrog 6 litauarar med presentasjon av innøvd folkedans spesielt for dette arrangementet, fleire nasjonar stilte med film frå heimlandet, og nokre stilte også ut kunstmåleri og handarbeid. Stranda bygdekvinnelag bidrog med norske matrettar på buffeten. Arrangementet vart ein braksuksess og hadde besøk av over 400 menneske i løpet av to hektiske timar. I samband med at dette var rett før kommunevalet så vart arbeidsinnvandring også eit av tre lokalpolitiske tema som vart debattert på utescena i etterkant av arrangementet. Arrangementet vart støtta av kulturtilskot frå Møre og Romsdal fylkeskommune.

Basert på erfaringane frå året før, vart «Internasjonale Stranda» arrangert på nytt 04.september 2016, også denne gongen som ein del av «Strandadagane». Arrangementet starta med internasjonal kunst- og handverksutstilling i Kalvehagen. Deretter var det bunad/folkedraktpresentasjon på utescena. Så var det inn på kulturhuset og få smaksprøver på den internasjonale buffeten. Denne

gongen bidrog 14 arbeidsinnvandrere frå 7 nasjonar til å lage buffet med smaksprøver på 27 ulike rettar. Stabburet bidrog med påsmurde lefsebitar, Tind stilte med ferdig oppskoren spekepølse, Norsk sjømat bidrog med oppskoren røykalaks og Spar Svingen Handel stilte med norske grønnsaker og frukt med dip til den norske delen av buffeten. Denne gongen hadde engasjerte litauiske arbeidsinnvandrere invitert ei profesjonell folkedansgruppe til Stranda. Dei tok imot og husa dei privat. Det var også kulturinnslag med song og folkemusikkinstrumentet Kanklas. Også denne gongen vart arrangementet svært vellukka, og over 400 personar var innom. Arrangementet vart støtta av Sparebanken Møre, samt gjennom frivillege bidrag til integreringsarbeid i Stranda.

Frivilligsentralen i Stordal kommune og prosjektleiar arrangerte Internasjonal kulturfestival i Grendasalen i Stordalshallen 12.september 2015. Her stilte 6 nasjonar opp og presenterte stands med smaksprøver frå sine heimland og anna kulturtradisjon som td. Handverk, folkedraktar/klede og spel. Deltakarane frå Filippinene song nasjonalsongen sin frå scena, og Sri Lanka bidrog med folkedans. Lokale lag og organisasjonar var også representert, og Biblioteket og Frivilligsentralen hadde eigne standar. Det vart arrangert quiz, forteljarstund med norsk folkeeventyr og allsong med Fader Jakob på ti forskjellige språk. Dette arrangementet var like før kommunevalet, og derfor hadde også politiske parti stands utanfor hallen. Kring 100 personar møtte fram. Arrangementet fekk støtte av kulturtilskot frå Møre og Romsdal fylkeskommune.

Frivilligsentralen i Stordal kommune ynskte at Internasjonal kulturfestival skal arrangerast annakvart år. Derfor vart det gjennomført ein anna variant på inkluderingsdag i 2016. I samband med Integreringskonferansen 2016 som vart arrangert på Storfjord kulturhus, fekk vi hovudinnleiar Safia Abdi Haase til å kome til Grendasalen i Stordalshallen på ein eigen Inspirasjonskveld 27.september. Ho fortalde si historie om å «ta grep sjølv» om ho skulle greie seg i Norge, korleis ho gjekk fram for å knekke kodane i møte med det norske samfunnet, skaffe seg utdanning og arbeid og ta tak i utfordringar ho møtte. Kring 100 personar møtte fram. Arrangementet vart støtta av Sparebanken Møre.

Vi er svært nøgde med gjennomføringa og resultatet av alle seks inkluderingsdagane. Det var godt frammøte på alle tre arrangementa, truleg var over 1300 personar innom totalt. Ei god blanding av nordmenn og arbeidsinnvandrere i alle aldrar.

Desse arrangementa vart ein god møteplass mellom nordmenn og arbeidsinnvandrere, og bidrog på ein svært positiv måte til synleggjering av arbeidsinnvandrane. Ein litauisk arbeidsinnvandrer frå Stranda uttalte følgjande etter første gong Internasjonale Stranda vart arrangert: «Eg har budd her i 6 år – endeleg kjenner eg meg velkomen og sett pris på!» Det er heilt tydeleg at slike arrangement har stor betydning for at arbeidsinnvandrane skal føle seg sett og velkomne, og dei gjev også uttrykk for at det er godt at vi ser på dei som ein ressurs – dei vil meir enn gjerne bidra fleire gonger. Tiltaket førte til god stimulering av frivillig engasjement. Det er tydeleg at medverking er oppskrifta for å få arbeidsinnvandrane til å møte opp på slike arrangement. Dei fekk vere med å planlegge og gjere det dei sjølve er gode på og stolte av (lage tradisjonsmat frå sitt heimland og øve inn kulturinnslag). Det frivillige engasjementet hos lag og organisasjonar og andre frivillege vart også stimulert i dette tiltaket, og dei involverte ynskjer å stille opp att på nytt seinare. Lokalpolitikarar møtte også opp på arrangementa og uttalte at dei var svært nøgde med tiltaket, innvandring vart også sett på den lokalpolitiske agendaen som følgje av desse arrangementa. Fleire arbeidsinnvandrere deltok også som tilhøyrarar på debatten og dette er sunt for demokratiet og det lokalpolitiske engasjementet.

Andre effekter av tiltaket er å få vist fram lag og organisasjonar på ein positiv måte, og også Frivilligsentralen, Stordalshallen, Storfjord kulturhus og Røde kors huset. Fleire arbeidsinnvandrарar uttalte at dei ikkje hadde vore på kulturhuset eller frivilligsentralen enno (!!!). Dette vil seie at vi med slike tiltak får synleggjort direkte samfunnsfunksjonar/tilbod som arbeidsinnvandrарane kan nytte seg av. Frivilligsentralen i Stranda og Storfjord kulturhus vart også nytta som øvingsarena for frivillig litauisk folkedansgruppe. Det var populært å prøvesmake og oppleve utanlandske matrettar og kultur, men det var også norske smaksprøver på bordet og kulturinnslag slik at arbeidsinnvandrарane fekk smake og oppleve norsk kultur.

Det kom også eit initiativ frå ei av bedriftene i Norddal om å arrangere sosial kveld for dei tilsette med fokus på mat og prat. Dette er ein arbeidsplass der det arbeider mange arbeidsinnvandrарar og det er viktig at norske og tilsette med utanlandsk bakgrunn lærer kvarandre å kjenne. Prosjektet var med å hjelpte i planlegginga av arrangementet som dei tilsette organiserte. Dette kan vere ein god ide for andre bedrifter også.

### VIDARE OG VARIG SATSING

Eidsdal/Norrdal Røde kors tok sjølve initiativ til å arrangere «Internasjonal kulturkveld» i Eidsdal 19.oktober 2016. Etter det vi kjenner til vart dette nok eit vellukka inkluderingsarrangement, og prosjektet har oppnådd at frivilligheita sjølv tek ansvar for å arrangere inkluderande møteplassar.

I Stranda kommune har Frivilligsentralen tenkt å vidareføre «Internasjonale Stranda» som eit eige arrangement saman med frivillige engasjerte arbeidsinnvandrарar. Her vil også flyktning- og innvandrartenesta kunne bidra.

I Stordal kommune tek Frivilligsentralen ansvar for å arrangere Internasjonal kulturfestival annakvart år. For 2017 er det muleg at det kjem eit spesielt initiativ etter inspirasjon ein fekk frå Safia Abdi Haase på Inspirasjonskvelden i Stordal hausten 2016.

I alle tre kommunane vil flyktningkonsulentane/innvandrartenesta heilt sikkert ta initiativ til å vidareføre og vidareutvikle møteplassar og andre tiltak for synleggjering av arbeidsinnvandrарane i lokalsamfunne. Møteplassar for flyktningane kan også kombinerast med møteplassar for arbeidsinnvandrарar.

## **4.7 Dokumentere metodikk og arbeidsmåtar undervegs, samt utarbeide ein sluttrapport med forslag til vidare og varig organisering**

### METODIKK

Metodikk og arbeidsmåtar undervegs er dokumentert i ein grundig prosjektstatusrapport per 31.12.2014 samt i sluttrapporten for prosjektet.

### GJENNOMFØRING/RESULTAT

For at alle i styringsgruppa inkl. prosjektleiar skulle få eit felles perspektiv deltok styringsgruppa på plannettverksamling på Ørskog kommunehus 29.01.2014. Samlinga vart arrangert av plan- og analyseavdelinga i Møre og Romsdal fylkeskommune. Hovudtema for samlinga var integrerings- og

mangfoldsperspektivet i kommunalt plan- og utviklingsarbeid, og der var representantar både frå regional og nasjonal forskning, samt Integrerings- og mangfaldsdirektoratet (IMDI).

Prosjektstatusrapport per 31.12.2014 vart presentert for styringsgruppa på møte 03.02.2015, der var det også lagt fram forslag til handlingsplan for vidare satsing i prosjektet. Denne har vorte justert ihht. erfaringar ein har gjort seg undervegs. Prosjektstatusrapporten vart også presentert for formannskapa i alle tre kommunane i løpet av 2015.

Prosjektleiari har delteke på to prosjektleiarsamlingar/dialogmøter i regi av Møre og Romsdal fylkeskommune, den eine på Åndalsnes 14-15.mai 2014 og den andre i Ålesund 13.11.2014. Samlingane har vore viktig for å byggje nettverk med prosjektleiari for andre prosjekt med tilsvarande fokus og veldig nyttig for å få informasjon om kva andre gjer av «best practice».

Saman med Frivilligsentralane i dei tre kommunane, flyktningkoordinator i Norddal kommune, fagleiar for innvandring og flyktingtenesta i Stranda og arbeidsinnvandrar og tilsett ved servicetorget i Stordal planla vi og gjennomførte Integreringskonferansen 2016 på Storfjord kulturhus på Stranda 27.september. Konferansen vart støtta av Sparebanken Møre, samt Stabburet som sponsa pizza til lunsj. Konferansen samla 75 deltakarar frå bedrifter, kommuneleiing (både administrativt og politisk), kommunale einingar (helse, skule, næring, eigedom), frivillege lag og organisasjonar, lokalaviser, NAV, flyktingemottak, PPT og Ungt Entreprenørskap Møre og Romsdal. Konferansen starta med kulturinnslag frå liauisk folkedansgruppe frå Stranda, og ordførarane kom med velkomsthelsing. Terri Senior frå Norges Røde kors snakka om «Korleis engasjere seg» og Terese J. Moen steppa inn for Jill Haugland Reiten frå Folkeuniversitetet og sa litt om mulegheiter for yrkesretta norskkurs i bedrifter og finansiering frå VOX. Sissel Habostad frå Norsk Sjømat hadde med seg tre av sine tilsette og snakka om erfaringar ved yrkesretta norskkurs. Eivind Ryste frå Møre og Romsdal fylkeskommune snakka om innvandrarar som ressurs for lokal samfunnsutvikling, og biblioteksjef i Stordal kommune, Bjørg Moltu, snakka om kva ressursar biblioteka kan bidra med i integreringa av innvandrarar. Safia Abdi Haase frå Stiftelsen Amatheia snakka om korleis ho som innvandrar knekte kodane i møte med det norske samfunnet. Tordis Sivertsen fortalde om erfaringar frå korleis ein lukkast med integreringsarbeid i Vestnes kommune. Til slutt kom Hanne Hæggh Ryste frå NHO Møre og Romsdal og fortalde om erfaringar frå Global Future-programmet. Konferansier og arbeidsinnvandrar Martin Vos leidde oss trygt og godt gjennom arrangementet og kom med innvandrarskråblikk mellom innlegga.

## VIDARE OG VARIG SATSING

Forslag til vidare og varig satsing er omtalt under kvart tiltak.